



Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2019

Vinje kommune

734 016 :: 2016

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei erfaring og kompetanse innan offentleg forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no.

Innhald

Om Telemark kommunerevisjon IKS	2
1 Innleiing.....	4
1.1 Plan for forvaltingsrevisjon	4
1.2 Kva er forvaltingsrevisjon?.....	4
1.3 Forvaltingsrevisjonar i Vinje kommune i 2012-2015	5
1.4 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019.....	5
2 Plan for forvaltingsrevisjon	6
3 Overordna analyse	7
3.1 Om risiko og vesentlegheit – metodikk og rullering	7
3.2 Om Vinje kommune.....	8
3.3 Lokaldemokrati	10
3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll	11
3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet	16
3.6 Berekraftig utvikling	25

Foto framside: Danny Twang

1 Innleiing

1.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å lage eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon i kommunen.¹ Planen skal utarbeidast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret skal vedta plan for forvaltningsrevisjon seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. ***Forslag til plan for forvaltningsrevisjon finn du i kapittel 2.***

Planen skal byggje på ei overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå vurderingar av risiko og vesentlegheit, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon. ***Denne analysen finn du i kapittel 3.***

Telemark kommunerevisjon IKS har gjort ein overordna analyse og lage eit forslag til plan i samsvar med gjeldande avtale om revisjonstenester. Analysen gjeld kommunen si verksemd og anna kommunal verksemd, dersom den er organisert som kommunalt føretak (KF), § 27 - samarbeid og vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 b og § 28 c.

Kommunal verksemd som er organisert i sjølvstendige rettssubjekt (interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap eller § 27-selskap) er ikkje dekte av analysen. For slike organisasjonsformer kan kontrollutvalet føre tilsyn ved hjelp av selskapskontroll.²

1.2 Kva er forvaltningsrevisjon?

På vegne av kommunestyret skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført

systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)³

Forvaltningsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll – det er ein del av kommunestyret sitt tilsyn med forvaltninga av og i kommunen. Forvaltningsrevisjonen si

¹ Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta) av 15. juni 2004, § 10.

² Jf. kontrollutvalsføreskrifta kapittel 6 og eigen plan for selskapskontroll.

³ Revisjonsforskrifta § 7

rolle er å undersøkje om verksemda i kommunen skjer i tråd med gjeldande reglar og kommunen sine planar og vedtak, og om det er god effektivitet og kvalitet i utøving av mynde og produksjon av velferd for innbyggjarane i kommunen.

Gjennom forvaltingsrevisjon kan kontrollutvalet:

- vise om det er mogleg å få til auka produktivitet og måloppnåing
- skaffe styringsinformasjon til dei som tek avgjerder i kommunen
- bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- bidra til kommunen sin eigenkontroll

1.3 Forvaltingsrevisjonar i Vinje kommune i 2012-2015

I Vinje kommune er følgjande forvaltingsrevisjonar gjennomført i perioden 2012-2015:

- 734 013 Ressursbruk i helse og omsorgstenestene (2012)
- 750 011 Vest-Telemark PPT – eit forprosjekt (2013)
- 734 014 Eigedomsforvaltning (2014)
- 734015 Førebyggjande arbeid – barn og unge (2016)

1.4 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019

Forvaltingsrevisjon er dekt av avtalen om revisjonstenester mellom Vinje kommune og Telemark kommunerevisjon IKS. Omfanget på forvaltningsrevisjon i forslaget til plan samsvarar med tilgjengelig ressurs etter avtalen om revisjonstenester. Kommunestyret/kontrollutvalet kan endre planen innanfor denne definerte ressursrama gjennom heile planperioden.

Dersom kommunen ynskjer fleire eller meir omfattande forvaltingsrevisjonar kan ein avtale det. Dette vert i så fall fakturert særskilt.

2 Plan for forvaltingsrevisjon

Innanfor gjeldande avtale om revisjonstenester og på bakgrunn av overordna analyse i kapittel 3, foreslår vi følgjande forvaltingsrevisjonar for planperioden 2016 – 2020, i prioritert rekkefølge. Timeomfang per prosjekt er eit førebels overslag. Ved endeleg planlegging av forvaltningsrevisjonen kan ressursbehovet per prosjekt bli justert både opp og ned i samråd med kontrollutvalet.

Tema/tittel	Vinkling	Nytte	Omfang
Internkontroll	Følgjer kommunen lovpålagde oppgåver knytt til krav om internkontroll?	Bidra til at krava til internkontroll blir følgde og førebygge feil og manglar i tenestene.	300 t.
Byggesakshandsaming	I kva grad sikrar kommunen at krav til byggesakshandsaming blir ivareteke?	Bidra til å sikre gode rutinar for byggesakshandsaming. Styringsinformasjon.	300 t.
Arkiv og dokumenthandtering	Mottak og journalføring av førespurnader til kommunen. Handtering av dialog med innbyggjarar gjennom Facebook	Bidra til merksemd på reglane i organisasjonen og at kommunen har gode rutinar på mottak og handtering av dokument.	240 t.

3 Overordna analyse

3.1 Om risiko og vesentlegheit – metodikk og rullering

Risiko og vesentlegheit

Risiko handlar om

- kva som kan gå gale
- kor truleg det er at noko går gale, og
- kva som er konsekvensen.

Kva som er vesentleg i forvaltingsrevisjon handlar om kor viktig oppgåva eller området er for kommunen og kommunen sitt samfunnsoppdrag, eller for kommunen sine brukarar/innbyggjarar.

Metode

I vurderinga av risiko og kva som er vesentleg har vi tatt utgangspunkt i formålsparagrafen i kommunelova og rådmannen sitt ansvar⁴. Vi fokuserer derfor på følgjande område i analysen:

- Ligg forholda til rette for eit funksjonsdyktig folkestyre?
- Har rådmannen tiltak for verksemdsstyring og tryggande kontroll?
- Vert rettstryggleik, kvalitet og effektivitet sikra i utøving av mynde og i tenesteyting?
- Legg kommunen til rette for ei berekraftig utvikling?

For å kartleggje og vurdere risiko i Vinje kommune har vi gått gjennom kommunen sin økonomiplan, årsrapportar, planstrategi og annan styringsdokumentasjon. Vi har analysert nøkkeltal frå KOSTRA og anna statistisk materiale. Vidare har vi henta informasjon om kommunen sitt system for internkontroll. Vi nyttar også informasjon frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport, tilsynsrapportar og tilsynsplanar.

I KOSTRA-analysen nyttar vi kommunen sine tal for perioden 2012 – 2014. Vi samanliknar kommunen med andre liknande kommunar og landsgjennomsnittet utanom Oslo. I KOSTRA er kommunane gruppert etter størrelse, kostnader og inntekter. Vinje kommune er i kommunegruppe 3, som er små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar og høge frie disponible inntekter.

⁴ Kommunelova § 1 og § 23 nr. 2

Vi har spurt kontrollutvalet frå førre valperiode om innspel til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og vi har hatt samtalar med ordførar og rådmann.

Kommunereform og rullering

Kommunereforma med moglege nye oppgåver og endra inndeling av kommunane vil kunne påverke risikobiletet og dermed plan for forvaltningsrevisjon. Dette avheng av kva retningsval kommunen gjer i spørsmålet om kommunestruktur. Vi har lagt til grunn for vår analyse at eventuelle endringar i kommunestrukturen i Telemark ikkje vil ha verknad før i 2020. Dersom det blir endringar i kommuneinndelinga for Vinje kommune, bør ein rullere plan for forvaltningsrevisjon for andre halvdel av planperioden.

3.2 Om Vinje kommune

Demografi

I 2014 hadde Vinje kommune 3 689 innbyggjarar. Innbyggjartalet gikk ned frå 2013, men i tredje kvartal 2015 aukar innbyggjartalet opp mot 2013 nivå igjen. I eit lengre tidsperspektiv har Vinje kommune ein positiv utvikling i folketalet. Folketalet har auka totalt sett dei siste åra og det er venta ein middels folketalsvekst dei nærmaste åra. Det er venta ein auke i aldersgruppa 0-12 år og over 67 år. Dette kan skape ein utgiftsvekst i barnehage, skule og pleie og omsorgstenestene.

Vinje har noko færre innbyggjarar under 15 år, noko fleire mellom 67 og 79 år og noko lågare del over 80 år samanlikna med gjennomsnitt i eigen kommunegruppe.

Ein lågare del av befolkninga i kommunen har innvandrarbakgrunn enn i gjennomsnittet av kommunegruppa og landet. Kommunen har lågare arbeidsløyse og fleire som pendlar ut av kommunen enn gjennomsnittet i kommunegruppa.

Kommunen sin organisasjon

Ved utgangen av 2014 hadde kommunen 393 årsverk. Talet har auka med om lag fem årsverk kvart år sidan 2012.

Vinje kommune er organisert med to leiarnivå: rådmann og assisterande rådmann og 17 einingsleiarar som rapporterer direkte til rådmannen. Einingsleiarane har mynde innan drift, økonomi og personell, og har eit samla ansvar for kvart sitt tenesteområde. Kommunen nyttar rammebudsjettering, målstyring, verdistyring og resultatkrav/-måling.

Vinje kommune er med i fleire samarbeidsordningar, både administrativt og knytt til tenesteyting. Når oppgåver blir plassert ute av eigen organisasjon forsvinn noko av eigarskapen og innsynet på området, både administrativt og politisk. Det kan det i seg sjølv vere ein risiko. Det kan derfor være aktuelt å sjå nærmare på dei ulike samarbeidsordningane. Aktuelle tema er om samarbeida er organisert i tråd med formalkrav for ordninga, og om kommunen har gode system for å følgje opp samarbeida og sikre at kommunen får dei tenestene dei skal. Dersom det er behov for å sjå nærmare på innhaldet i ei samarbeidsordning, blir dette omtalt under det aktuelle tenesteområdet.

Vinje kommune har vertskommunesamarbeid på desse områda:

- IKT-samarbeid, Vinje vertskommune
- Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark, Kviteseid vertskommune
- Legevakt og akutthjelp, Vinje vertskommune
- Jordmorberedskap, Seljord vertskommune
- Krisesenter i Telemark, Skien vertskommune

Kommunen har § 27-samarbeid på desse områda:

- Vest-Telemark rådet
- Alarmsentralen 110, Skien kontorkommune
- Ressurscenter for økonomi og gjeldsrådgjeving i Vest Telemark , Seljord kontorkommune

Andre interkommunale samarbeid er mellom anna Interkommunalt arkiv (IKA Kongsberg), Utval mot akutt forureining IUA Telemark, Friluftsrådet Sør og Driftsassistansen i Telemark med ansvar for vatn og avløp og Midt-Telemark Arbeidsgiverkontroll.

Det er generelt tilrådeleg at forvaltningsrevisjon av samarbeidsordningar blir gjennomført for alle dei samarbeidande kommunane i fellesskap. Dersom ein skal gjere forvaltningsrevisjon av eit vertskommunesamarbeid må kontrollutvalet i *vertskommunen* vedta forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 28-1 bokstav j.

Økonomi

Vinje kommune har same økonomiske handlefridom som gjennomsnittet for kommunegruppa, men lågare enn landsgjennomsnittet. I følgje budsjettet for 2016 vil Vinje kommune få lågare kraftinntekter enn dei har hatt tidlegare. Kommunen har relativt høg lånegjeld per innbyggjar. Vinje kommune nyttar relativt mykje på barnehage, skule, helse og pleie og omsorg, og relativt lite på barnevern og sosiale tenester. Kommunen har generelt god økonomi.

Kostra 2014	Vinje kommune	Grppesnitt	Landsgj.snitt*
Frie inntekter per innbyggjar	56 806	56 740	48 610
Nto lånegjeld per innbyggjar	93 976	56 740	58 160
Disposisjonsfond i % av br. driftsinntekter	8,5	5,6	6,4
Akk. rekneskapsmessig meirforbruk i % av br. dr.utg	0	0,8	0,6
Nto dr.utg. til barnehage per innbyggjar 1-5 år	167 819	137 333	128 633
Nto dr.utg til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år	160424	130 263	100 946
Nto dr.utg til kommunehelse per innbyggjar	6162	3813	2319
Nto dr.utg til pleie og omsorg per innbyggjar	27505	22046	16386
Nto dr.utg til sosialtenesta per innbyggjar 20-66 år	2099	2556	3138
Nto dr.utg til <i>barnevern</i> per innbyggjar 0-17 år	7509	9670	7978
Nto dr.utg til <i>administrasjon og styring</i> per innbyggjar	8007	7586	4258

SSB: Utvalde nøkkeltal, kommunar – nivå 1 og 2. Reviderte tal 26.06.2015

* Landsgjennomsnitt utan Oslo

3.3 Lokaldemokrati

3.3.1 Openheit og innsyn

Openheit og innsyn er sentrale føresetnader for eit fungerande demokrati.

Offentleglova og kommunelova sine reglar om innsyn og opne møte skal leggje til rette for at kommunen si verksemd er opa og gjennomsiiktig. På den måten vert informasjons- og ytringsfridom, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte og ålmenta sin kontroll styrka.

Vinje kommunen har postliste på nettsidene sine. Politiske møte blir kunngjort, og protokollar frå politiske møte blir lagt ut på kommunen si nettside. Innbyggjarar kan sjå TV-overføring av kommunestyremøter gjennom internett.

Kommunen og ordførar nyttar Facebook som informasjonskanal om nyheiter frå kommunen.

God praksis for journalføring og arkiv er ein føresetnad for å sikre openheit og innsyn, sjå punkt 3.4.3.

3.3.2 Saksførebuing og gjennomføring av vedtak i kommunestyret

Rådmannen har ansvar for at saker til folkevalde organ er forsvarleg utgreidde og at vedtak vert gjennomført. Kommunen nyttar Ephorte som sakshandsamingssystem, og

alle saker som skal til politisk handsaming er førebudd i Ephorte. Sakshandsamar er ansvarleg for å førebu saka.

Ordførar har god erfaring med at saker er godt førebudde og utgreidde og at det blir rapportert på vedtak som kommunestyret har fatta. Det er ikkje faste malar for slike vedtak. I samband med tertialrapporteringa undersøker rådmannen status på vedtak som kommunestyret har fatta.

Rådmannen opplyser at ikkje alle vedtak blir gjennomført, og at kommunestyret ikkje blir informert i alle saker.

3.3.3 Budsjettering og rapportering

Kommunen vedtar eit årleg handlingsprogram, årsbudsjett og økonomiplan for 4 år. Dette blir følgt opp gjennom tertialrapportering. Ordførar gir uttrykk for at dei folkevalde får rapportering i tråd med dette.

3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll

3.4.1 Etikk og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard.

KS og Transparency International Norge (TI) tilrår at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI tilrår at dei etiske retningslinjene også vert gjort gjeldande for kommunale føretak. I årsmeldinga skal kommunen gjere greie for tiltak som er planlagde eller sett i gang for å sikre tryggande kontroll og ein høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak. Årsmeldinga for 2014 inneheld ikkje omtale av slike tiltak, men det er vist til at dei etiske retningslinjene er revidert i 2013.

Kommunen har utarbeidd ein varslingsplakat som er tilgjengeleg i dei personalpolitiske retningslinjene. Rutinar for varsling er skildra.

3.4.2 Internkontroll

Kommunelova § 23 nr. 2 seier at rådmannen skal ha «betryggende kontroll» med verksemda i kommunen. Etter lovforarbeida vil det seie at kommunen skal ha internkontroll. I tillegg er det krav om internkontroll på ei rad særlovsområde, både

sektorovergripande og for dei ulike tenesteområda i kommunen, f. eks. arbeidsmiljølova, personopplysingslova, opplæringslova, barnevernslova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova.

Dei fleste kommunane er merksame på internkontroll, men i mange kommunar vert han utøvd utanfor ein heilskapleg struktur. Dermed vert internkontrollen fragmentert, og vil i mindre grad fungere som eit verktøy for leiing og styring. Ei systematisk tilnærming kan gjere internkontrollen meir relevant og meningsfull, og bidra til førebygging og forbetring. Vinje kommune nyttar i dag eit papirbasert system for arbeid med kvalitet og avviksregistrering. I 2014 har dei bestilt eit kvalitetssystem gjennom Compilo. Det har gått tregt med innføringa og kommunen har framleis ikkje innført det nye systemet fullt ut. Kommunen nyttar SWOT-analyse⁵ for å jobbe med kvalitet i organisasjonen. Resultat av SWOT-analyser skal rapporterast til personalavdelinga. Rådmann har i liten grad vore involvert i bruken av og resultata av SWOT-analysane.

Vi vurderer at det er ein risiko for at kommunen ikkje har fullgode tiltak for å sikre tryggande kontroll med verksemda. Risikoen for manglar i internkontrollen er truleg høgare i kommunar med små administrasjonar. Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av arbeidet med internkontroll i Vinje tidlegare. Vi foreslår dette som eit av tema for forvaltningsrevisjon.

3.4.3 Arkiv og dokumentasjon

Kommunar og offentlege organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet både i eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. I tillegg spelar arkiva ei rolle for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Godt fungerande postjournalar og arkivordningar er grunnleggande føresetnader for å sikre dokumentasjon og demokratiske aktivitetar.

Riksarkivaren går ut frå at kommunereforma vil få store konsekvensar for kommunen sin dokumentasjon, og påpeikar kor viktig det er å vere godt førebudd og tidleg ute med planlegginga. Det vil bli utarbeidd ei rettleiing for korleis kommunen kan førebu seg ved ei eventuell kommunesamanslåing. Rettleiinga skal vere ferdig 2016, del 1 ligg føre i januar 2016.

⁵ Eit strategisk analyse verktøy som målar styrker, svakheter, mogligheiter og truslar.

Vinje kommune har svarta på Riksarkivaren si årlege undersøking av kommunale arkivtenester i 2014. Der kjem det fram at kommunen manglar ein arkivplan. Det er ikkje laga planar for handtering av arkivet ved ei eventuell kommunesamanslåing.

Kulturhistorisk arkiv er plassert på Raulandsakademiet. Ansvar for dette arkivet er lagt til eining for organisasjon, arkiv og IKT. Det kommunale arkivdepoet er lagt til IKA Kongsberg.

Kommunen nyttar Ephorte (elektronisk dokumenthandtering og arkiv). I årsmeldinga er det ikkje rapportert på arbeidet med arkiv og journalføring.

Rådmann meiner at dokument som sendast direkte til sakshandsamar og ikkje til postmottak er eit særskilt risikoområdet. I tillegg er det risiko knytt til bruk av Facebook som kommunikasjonskanal med innbyggjarane.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av journalføring og arkiv i Vinje kommune. Vi meiner det kan vere nyttig for kommunen med ein forvaltningsrevisjon på dette området, og foreslår det i plan for forvaltningsrevisjon.

3.4.4 Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik gjeld alle tiltak som sikrar konfidensialitet, integritet og tilgang til informasjon og IKT-system, det vil seie det som vernar sensitiv informasjon og gir korrekt informasjon til dei rette menneska til rett tid.

Alle offentlege verksemder skal ha internkontroll på informasjonstryggleik, jf. § 15 i eforvaltningsforskrifta.

Etter personopplysningslova med forskrifter skal kommunen ha tilfredsstillande informasjonstryggleik ved handsaming av personopplysningar. Det er kravd dokumentert internkontroll. Styringssystemet som den enkelte verksemda må etablere for å få tilfredsstillande informasjonstryggleik, må blant anna fastsette overordna mål for tryggleik, skildre akseptabelt risikonivå og fordele ansvar og oppgåver i tryggingsarbeidet.

Vinje kommune samarbeider med Tokke kommune om drift av serverar og programvare. Administrasjonen jobbar no med ein plan for IT-tryggleik og har hatt møte med KS i samband med dette arbeidet.

Kommunen har planlagt å etablere ordning med personvernombod.

Fordi mange tilsette i kommunen har lang reiseveg til arbeid, har kommunen opna for at mange kan jobbe heime. Det er utfordringar med å kople seg på kommunen si IKT-plattform. Rådmannen meiner at dette gir ein risiko knytt til manglande tilgang til informasjon, meir enn vern av informasjon.

Etter vår vurdering kan det vere aktuelt med forvaltningsrevisjon av IT-tryggleik i Vinje. Vi har likevel ikkje prioritert dette i denne planen, men vil rå kontrollutvalet til å hente inn informasjon frå administrasjonen om framgangen i dette arbeidet ut over i perioden.

3.4.5 Innkjøp

Offentlig sektor kjøper inn varer og tenester for nesten 400 milliardar kroner årleg. Regelverket om offentlege kjøp skal bidra til at pengane vert nytta best mogleg og at innkjøpa bidreg til eit konkurransedyktig næringsliv.

Reglane om offentlege innkjøp har også som føremål å bidra til ei berekraftig utvikling, og skal motverke sosial dumping og korrupsjon. Sosial dumping skjer både ved brot på reglar for helse, miljø og tryggleik og når løn og andre ytingar er uakseptabelt låge, samanlikna med det norske arbeidstakarar normalt tener. I innkjøpssamanheng kan kommunen arbeide mot sosial dumping blant anna ved å stille og følge opp krav om løns- og arbeidsvilkår i kontraktar.

Også innan miljø og andre former for sosialt ansvar kan offentlege innkjøparar spele ei viktig rolle gjennom å stille kvalifikasjonskrav og i kontraktsklausular ved innkjøp.

Det var endringar i reglane om offentlege innkjøp i 2015, og nye endringar er venta å gjelde frå våren 2016. Dei nye reglane vil gi kommunane både auka handlingsrom og nye plikter. Reglane skal mellom anna gi oppdragsgivar incentiv og plikter knytt til miljøomsyn og nedkjemping av barnearbeid og sosial dumping, og reglane skal betre konkurransevilkåra for små og mellomstore bedrifter. Det vert foreslått at KOFA igjen skal kunne gi gebyr for ulovlege direktekjøp.

Kommunen har eit innkjøpsreglement frå 2011, og deltek i innkjøpssamarbeid i regi av BTV innkjøp. I perioden 2012 – november 2015 har kommunen hatt to saker i KOFA. I den eine saka tapte kommunen og måtte betale gebyr for ulovleg direktekjøp av bygge- og anleggsarbeid ved bygging av ein parkeringskjellar..

Dei siste åra er det ikkje gjort undersøkingar av korleis kommunen følgjer reglar og retningsliner om innkjøp. Det kan vere ein risiko for at dette ikkje er godt nok følgt opp i kommunen. Vi har likevel ikkje valt å prioritere dette i vårt forslag for komande fireårsperiode.

3.4.6 Offentleg støtte

Statsstøtteregeleane i EØS-avtalen påverkar i stor grad rammene for nærings- og sysselsettingspolitikken. EØS-avtalen har eit forbod mot tildeling av offentleg støtte til føretak dersom støtta kan vri eller true med å vri konkurransen og påverke samhandelen innan EØS-området. Kommunane har eit handlingsrom, og kan tildele noko støtte innanfor dei rammene og prosedyrekrava som følger av reglane om offentleg støtte.

Ein del kommunar tilbyr sjølv eller gjennom eigarskap, varer og tenester i konkurranseutsette marknader, for eksempel badeland, kafédrift, utleige av næringseigendom. Slik aktivitet skal skje utan offentleg støtte. Det betyr at aktiviteten skal vere tydeleg skilt frå anna offentleg verksemd, slik at det ikkje skjer ei ulovleg kryssubsidiering av den konkurranseutsette aktiviteten til kommunen. Risiko for at det vert tildelt ulovleg offentleg støtte kan også oppstå når kommunen kjøper eller sel eigendom utanom den opne marknaden.

Vinje kommune gir mykje tilskott til næringsverksemd, til dømes gir ein tilskott til Rauland Turist AS. Næringsplan skal reviderast i 2016 og da skal dagens modell for helårlig turistinformasjon evaluerast. Ut over det har vi ikkje fått informasjon om kva rutinar kommunen har som kan sikre at stønad blir gitt innanfor kommunen sit handlingsrom og i samsvar med dei prosedyrekrava som gjeld.

Dersom det vert ei klagesak knytt til dette, kan ESA krevje at støttemottakar betaler tilbake støtta. Det vil vere uheldig for støttemottakar. Slike saker kan også vere arbeidskrevjande og føre til tap av omdømme for kommunen.

Vi meiner at det er ein risiko for at reglane om offentleg støtte ikkje er etterlevd fullt ut, men vi har ikkje prioritert dette i forslaget til plan for forvaltningsrevisjon.

3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet

3.5.1 Oppvekst

Barnehage

Kommunane har mange oppgåver på barnehageområdet. Kommunen skal mellom anna sørge for plass til alle barn med rett til barnehageplass, godkjenne barnehagar, samordne opptak, drive rettleiing og føre tilsyn. Fylkesmannen har i 2014 gjennomført eit tilsyn med kommunen som barnehagemynde. Det blei gitt avvik med frist for retting.

Vinje kommune har fem barnehagar. Ein av dei er knytt til eit oppvekstsenter. Ingen av barnehagane er private. Barnehagevedtektene er vedtatt av kommunestyret i 2014. I 2014 gjennomførte kommunen ei brukarundersøking. Foreldra ga generelt gode tilbakemeldingar bortsett frå om informasjonsflyt og opningstider. I årsmeldinga for 2014 står det at opningstidene er utvida, men ikkje om noko er gjort for å betre informasjonsflyten.

Kommunen har auka andelen barn med barnehageplass og ligg i 2014 høgare enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet.

I 2015 kom det ei regelendring som endra foreldrebetalinga. Den generelle maksimalprisen auka, samtidig som enkelte moderasjonar vart innført. Alle familiar med fleire barn fekk søskenmoderasjon.

Nasjonale styresmakter aukar innsatsen for kompetanseheving i barnehagane. Kompetansehevinga er retta mot alle tilsette og leiarane i barnehagane. Vinje kommune har fleire tilsette i barnehagane med formell utdanning enn gjennomsnittet for kommunegruppa og landet. I årsmeldinga for 2014 er det understreka at kommunen satsar mykje på kompetanseheving i barnehagane.

Barnehagane i Vinje har generelt høgare vaksentetthet og større leike- og opphaldsareal per barn enn kommunegruppa og landsgjennomsnittet.

Kommunen har gode rutinar for fakturering og innbetaling av foreldrebetaling. Innkrevjing blir gjort av økonomiavdelinga og dei har lite restansar.

Skule

Vinje kommune har tre kombinerte barne- og ungdomsskular og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule frå fyrste til og med sjuande trinn. Kommunen har totalt 104 elevar og har lågare gruppestørrelse enn kommunegruppa og landsgjennomsnitt.

Kommunane skal ha eit system som gjer det mogleg å vurdere om kommunen oppfyller pliktene etter opplæringslova, jf. opplæringsloven § 13-10. Kommunen har utarbeidd tilstandsrapport for 2015. I rapporten er det gitt ein oversikt over prosedyrar og tiltak som skal bidra til tryggande kontroll.

Netto driftsutgifter til grunnskulesektoren per innbyggjar 6-15 år har auka i 2014 samanlikna med dei to føregåande åra, og ligg over gjennomsnitt for eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet. Den delen elevar som får spesialundervisning har falle, og ligg no under eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet.

Kommunen skal sikre at elevane har eit godt fysisk og psykososialt miljø på skolen, jf. opplæringslova § 9a-1. Talet på born og unge som rapporterer om krenkelsar og mobbing i dei årlege elevundersøkingane endrar seg lite frå år til år. Opplæringslova stiller klare krav om handleplikt og prosedyre i slike saker. Frå mars 2015 er opplæringslova endra, slik at elevar som mobbar andre kan flyttast til ein annen skole.

I kommunen sin tilstandsrapport for grunnskulen 2014/15 er det gjort greie for korleis kommune ligg an på området mobbing. I tilstandsrapporten kjem det fram at elevane både på sjuande og tiande trinn opplever mobbing i større grad enn gjennomsnitt for eigen kommunegruppe og landet.

Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev, jf. opplæringslova § 1-3. Skule har vore eit satsingsområde i Vinje kommunen med tett politisk oppfølging. Det er gjennomført konkrete tiltak i arbeidet med kvalitetsutvikling og det å sikre tilpassa opplæring, mellom anna eit felles prosjekt i Vest-Telemark «Betre læring for alle elevar». Samstundes viser tilstandsrapport for 2014 at kommunen har ei negativ utvikling på grunnskulepoeng for tiande trinn. Grunnskulepoenga for Vinje er lågare for 2014/15 enn kommunegruppa og landsgjennomsnittet.

Andelen lærarar med universitets-/høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning er høgare enn i kommunegruppa og landsgjennomsnittet.

Kommunen har lågare korrigerede driftsutgifter til skuleskyss, per elev med skuleskyss, enn gjennomsnitt i eiga kommunegruppe og landet.

Det har ikkje vært tilsyn frå fylkesmannen dei siste åra.

Fylkesmannen har ikkje motteke klagesaker på skulane i kommunen i 2015.

SFO

Vinje kommune tilbyr SFO og har i 87 barn 2015/16, og 15 av dei har 100 % plass. SFO skal ha vedtekter om eigarforhold, opptakskriterium, opphaldstid, bemanning og foreldrebetaling, jf. opplæringslova § 13-7. Vidare skal barn i SFO sikrast eit godt fysisk og psykososialt miljø, jf. opplæringslova § 9a-1. Utover dette, har kommunen få konkrete plikter knytt til SFO. Kommunen har vedtekter som er utarbeidd for 2015/16.

SFO kan finansierast med foreldrebetaling, jf. § 13-7. Kommunen har låg foreldrebetaling og det er derfor ikkje risiko for at foreldrebetalinga overstig kommunen sine utgifter til ordninga.

Barnevern

Vinje kommune har barnevernteneste gjennom eit vertskommunesamarbeid der Kviteseid kommune er vertskommune. Den interkommunale ordninga kan bidra til betre kompetanse og kapasitet i tenesta. Tal i Kostra syner at alle stillingane i barneverntenesta har fagutdanning.

Dei seinare åra har det nasjonalt sett vore ein auke i talet på bekymringsmeldingar til barneverntenesta, og ein auke i talet på barn og unge som tek imot tiltak – særlig tiltak utanfor heimen. Utgiftene til barnevern i Vinje har auka noko dei siste åra, men er lågare enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet.

Tal frå Kostra syner at Vinje sender færre bekymringsmeldingar og at det blir gjort færre undersøkingar enn gjennomsnitt for landet. Samstundes har kommunen fleire barn med tiltak frå barneverntenesta enn samanlikningsgrunnlaget. Det er vanskeleg å tolke kva dette skuldast. Vinje er ein relativt liten kommune, så ein må vere varsam med å tolke for mykje i slike tal. Tala syner også at kommunen har store variasjonar frå år til år noko som også er naturleg i ein liten kommune.

Vinteren 2015/2016 er det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av Vinje kommune sitt førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Revisjonen omfattar mellom anna samhandling mellom barneverntenesta og andre verksemder i kommunen.

3.5.2 Velferd

Sosiale tenester

Kommunen har ansvar for å tilby tenester som skal bidra til sosial tryggleik og betre levekår for økonomisk vanskelegstilte. På landsbasis har utbetalingane til sosialhjelp auka dei siste åra. SSB melder at det i 2014 var det høgste talet på mottakarar av sosialhjelp på landsbasis på 10 år. I Vinje har talet på mottakarar av sosialhjelp vore stabilt lågare enn landsgjennomsnittet dei to siste åra.

Kommunen brukar noko mindre på sosiale tenester enn dei kommunane vi samanliknar med, men ikkje når vi ser på utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Tal i Kostra viser at unge mottakarar av sosialhjelp i Vinje har stønad kortare i 2013 og 2014 enn i 2012.

Fylkesmannen hadde tre klagesaker frå Vinje som gjaldt sosiale tenester i perioden 01.01.14 – 01.09.15. I alle sakene blei kommunen sitt vedtak stadfesta.

Introduksjonsordninga

Introduksjonsprogrammet skal bidra til at deltakarane vert kvalifisert for arbeid eller vidare utdanning. Ordninga vart innført i 2004, og i 2011 kom krav om internkontroll, for å sikre at krava i lova vert følgde. Regjeringa har føreslått endringar i introduksjonslova for mellom anna å styrke språkopplæringa, jf. Stortingsproposisjon 130 L (2014–2015).

Telemark har generelt hatt dårlegare resultat av introduksjonsprogrammet enn landgjennomsnittet. Både på landsbasis og i Telemark er dessutan resultatata dårlegare enn dei måla som er sett. I Vinje er talet på dei som har gjennomført programmet for lågt til at resultatata blir offentlege.

Vinje kommune skal ta i mot 20 flyktningar i 2016 og 25 flyktningar i 2017. Det er ikkje etablert transittmottak eller ordinære mottak i kommunen, og ein har såleis ikkje fått eit auka press på dei kommunale tenestene slik enkelte andre kommunar har fått.

Introduksjonsordninga er eit område der forvaltningsrevisjon kan være aktuelt, men vi har likevel ikkje prioritert dette i forslaget til plan for forvaltningsrevisjon.

Bustadsosialt arbeid

Fleire kommunar har utfordringar i arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Vinje kommune eig alle bustadane som blir nytta til føremålet. Dekningsgraden er lik kommunegruppa og betre enn landsgjennomsnittet. God tilgang på bustadar kan være viktig for å sikre vanskelegstilte bustad.

I nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid 2014 – 2020 er det fastlagt felles nasjonale mål og prioriterte innsatsområde, og kommunane har ei nøkkelrolle i å realisere måla. Ein viktig del av arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden er bruken av statlege verkemiddel. Vinje kommune nyttar startlån i mindre grad enn dei kommunane som vi samanliknar med, det same gjeld husbankfinansiering av nye bustader. Men bustønad frå Husbanken blir nytta i større grad i Vinje enn i dei kommunane som vi samanliknar med. På grunnlag av tilgangen på bustader og bruk av statlege verkemiddel finn vi ikkje grunn til å prioritere forvaltningsrevisjon på dette området i forslaget til plan.

3.5.3 Helse og omsorg

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette gjeld alle pasient- og brukargrupper, medrekna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfanget og innhaldet av tenestene er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.

Samhandlingsreforma

Målet med samhandlingsreforma er å få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod. Reforma skal bidra til rett behandling – på rett stad – til rett tid. Ressursar skal i større grad brukast til å bygge opp kommunen sine helse- og omsorgstenester. Pasientane skal få betre koordinerte tenester, og innsatsen for å avgrense og førebygge sjukdom skal aukast.

Kommunane må betale for utskrivingsklare pasientar som dei ikkje kan ta imot. Dette gjelder førebels ikkje pasientar innan psykisk helse og rus. Her blir betalingsordninga innført tidligast i 2017.

Kommunane er pålagde å opprette tilbod for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for augneblkkeleg hjelp (ø-hjelpsplassar). Kommunane må ha dette tilbodet på plass innan 2016.⁶ Vinje har inngått eit vertskommunesamarbeid med Tokke kommune, der Vinje er vertskommune. Dei hadde 50 % dekning i 2015. Kommunane kan nytte plassar i begge kommunane. Tokke og Vinje sine plasser er samla på sjukeheimen i Vinje. Dei har to senger, noko rådmann meiner er tilstrekkeleg.

Folkehelsearbeid

Arbeidet med folkehelse og det å førebyggje sjukdom er sentralt i samhandlingsreforma. Kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeid går fram av folkehelselova. Kommunane skal fremme helse og arbeide for å førebyggje sjukdom, skade og sosiale problem, og skal sette mål og strategiar for folkehelsearbeidet. Utgangspunktet for måla skal vere identifiserte folkehelseutfordringar i kommunen. Formålet med at kommunen skal setje mål og strategiar er å sikre politisk og tverrsektoriell forankring av folkehelsearbeidet.

Fylkesmannen hadde tilsyn med Vinje kommune sitt arbeid med folkehelse i 2014. Det blei ikkje funne avvik ved dette tilsynet. Fylkesmannen konkluderte med at arbeidet med å sikre oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar kome godt i gang, men at arbeidet enno er noko usystematisk. Fylkesmannen meinte også at Vinje kommune kunne forbetre styringa (internkontrollen) med oppgåvene etter folkehelselova.

Omsorgstilbod i og utanfor institusjon

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose. Omfanget av pleie- og omsorgstenestene har auka dei siste åra. Det aukande behovet kjem både av at tenestetilbodet har vorte bygd ut i takt med at det vert stadig fleire eldre, særleg i aldersgruppa over 90 år, og at det har vore ein sterk auke i talet på yngre mottakarar (under 67 år). Vinje kommune brukar meir på pleie og omsorgstenester per innbyggjar enn dei vi samanliknar med.

Kommunale helse- og omsorgstenester er i hovudsak ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk hjelp, opphald i institusjon, medrekna sjukeheim, og tilbod om avlastingstiltak, støttekontakt og omsorgslønn. Frå 2015 har personar under 67 år med langvarig og stort behov for personleg assistanse rett til å få

⁶ Helse- og omsorgstenestelova § 3-5

slike tenester organisert som brukarstyrt personleg assistanse. Denne endringa kan gi auka etterspurnad etter tenesta.

Frå 2020 er det foreslått at kommunen skal ha plikt til å tilby aktivitetar på dagtid for demente. Eit slikt tilbod for demente har kommunen allereie etablert på helsesenteret i kommunen.

Vinje kommune har betre dekning på døgnbemanna omsorgsbustader og sjukeheimplassar enn dei vi samanliknar med. Sjukeheimplassar kan vere viktig å ha for å kunne ta imot pasientar frå sjukehus, og då særleg korttids plassar og rehabiliteringsplassar.

Tal i KOSTRA frå 2014 syner at i Vinje kommune har ein høgare del av dei tilsette med høgare utdanning (sjukepleiarar) enn i eigen kommunegruppe. Andelen er den same som for landsgjennomsnittet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Kommunen skal tilby helsestasjons- og skulehelseteneste til barn og ungdom 0–20 år. Tilbodet skal fremme psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, og førebyggje sjukdomar og skader, jf. helsestasjonsforskrifta §§ 1-1 og 2-1.

Vinje kommune har tre helsestasjonar og ein helsestasjon for ungdom. Totalt har kommunen tre personar som jobbar som helsesystrer. Tal frå Ungdata⁷ syner at ungdommar i Vinje nyttar skulehelsetenesta meir enn gjennomsnittet for fylket. I undersøkinga er omfang av risikofaktorar blant ungdomane kartlagt. Undersøkinga viser at det er lågare grad av opphoping av risikofaktorar i Vinje, og at dei som er mest utsett i større grad nyttar skulehelsetenesta samanlikna med andre kommunar.

Psykisk helse og rusomsorg

Tal frå folkehelseinstituttet viser at psykiske lidningar er meir utbreidde i Telemark enn i landet sett under eitt, men dette er ikkje tilfelle i Vinje. Her er psykiske lidningar mindre utbreidde. Kommunen har dessutan betre bemanning av psykiatrisk sjukepleiar/personell med vidareutdanning innan psykisk helse.

⁷ Ungdata er ein spørjeundersøking til elevar på ungdomsskule og vidaregåande skule utarbeidet av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, dei regionale kompetansesentera på rusfeltet og KS, som kommunane kan gjennomføre gratis med bistand frå det lokale kompetansesenteret på rusfeltet.

Kommunane har ei sentral rolle i å identifisere, utgreie, behandle og følgje opp personar med psykiske lidingar. Det at kommunen har personell med spesialisert utdanning kan gjere kommunen betre rusta til å møte dei utfordringane som er på dette feltet. Dette er også eit felt der kommunen må sikre koordinerte tenester og tverrfaglig samarbeid, både internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Både skulehelsetenesta og PPT kan ha ei viktig rolle i arbeidet med å førebygge sjukdom.

Regjeringa har varsla at den vil innføre eit krav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Det er foreslått tilskot per psykologårsverk som blir rekruttert frå 2016 og til regelen trer i kraft. Dette er ikkje omhandla i siste kommuneplan eller økonomiplan for Vinje, men i ein forstudierapport for kommunereforma i Vest-Telemark kjem det fram at det er ynskjeleg med meir psykologkompetanse i regionen.

Frå statleg hald er det gitt tydelege føringar for behov for opptrapping av tenestetilbodet og meir heilskaplege og koordinerte tenester. I 2015 er det utarbeida ein ny nasjonal opptrappingsplan på rusfeltet.

Kommunen har oppretta ein ruskoordinatorstilling, men har ikkje eit brukarråd for psykisk helse og rusomsorg.

3.5.4 Tekniske tenester - sjølvkostområda

Kommunen yter tenester og utøver mynde på sjølvkostområda vatn, avlaup, renovasjon, branntilsyn/feiing og plan- og byggesak.

Sjølvkost

Vassforsyning, avløp, renovasjon, feiing og byggesaksbehandling vert finansiert gjennom gebyr frå innbyggjarane. Frå 1.1.2015 kom nye retningslinjer for korleis sjølvkost, og dermed også den øvre rama for gebyrinntektene frå innbyggjarane, skal reknast ut.

Kommunen nyttar elektronisk utrekningsprogram for å berekne sjølvkost. Eit slikt verktøy kan bidra til å kvalitetssikre berekningane.

Tal rapportert i Kostra for 2014 viser at gebyr på vassforsyning i Vinje er lågare enn både gjennomsnittet i kommunegruppa og landet. Også på avfallstenestene er gebyret lågare, men ikkje når det gjeld septik. Gebyr for avlaup er lågare enn samanlikningsgrunnlaget, mens gebyr for feietenester og tilsyn er høgare enn samanlikningsgrunnlaget.

Renovest IKS står for renovasjonsordninga i Vinje kommune. Vest-Telemark brannvesen IKS har ansvar for feietenestene og det brannførebyggande arbeidet i kommunane i Vest-Telemark. Det kan vere aktuelt med forvaltningsrevisjon av sjølvkosten i desse tenestene. Ein forvaltningsrevisjon av sjølvkost på tenester som blir utført av selskap, må eventuelt gjerast som selskapskontroll.

Plan- og byggesakshandsaming

Plan- og bygningslova (pbl.) pålegg kommunane å ha planar for bruk og vern av tilnærma alle kommunale areal og ressursar. Vidare skal kommunane fatte vedtak om nesten all byggeaktivitet innanfor kommunegrensene, og føre tilsyn med gjennomføringa.

Eit føremålstenleg og oppdatert planverk bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling. Dersom planverket ikkje er oppdatert, kan det medføre auka bruk av dispensasjonar. Det gir ei lite effektiv sakshandsaming.

Vinje kommune har i 2015 starta eit arbeid for å rullere kommuneplanens samfunnsdel (2009-2019). Arealdelen er gjeldande frå 2011-2023. Vinje er ein hyttekommune, noko som kan gi auka risiko knytt til handsaming av byggesaker.

Fylkesmannen har endra ein del vedtak frå Vinje kommune i samband med klagehandsaming. I 2014 blei ei av to saker omgjort, mens tre av fire saker blei endra i 2015 (fram til september).

Vi vurderer at det er ein risiko på dette området.

Avfallshandtering

Gode system for innsamling av [avfall](#) og oppfølging av forsøplingssaker er viktig for å hindre forsøpling, helse- eller luktproblem eller andre forureiningsulemper som følgje av avfall. Kommunen skal sjå til at det er etablert eit system for innsamling av hushalningsavfall, og at det er eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av elektrisk og elektronisk avfall og farleg avfall frå hushaldningar og mindre verksemder. Innbyggjarar og verksemder skal ha informasjon om denne tenesta.

I Vinje kommune er det selskapet Renovest IKS som sørger for avfallstenesta. I kommunen er det eit mottak der ein kan levere farleg avfall. I tillegg er det

gjennvinningsstasjonar der avfall kan bli levert. Renovest IKS har informasjon om dei ulike henteordningane, kjeldesortering og avfallsanlegga på eigne nettsider. Vinje kommune har omtale av dette på kommunen sine nettsider.

3.6 Berekraftig utvikling

3.6.1 Planlegging i kommunen

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Prosessane rundt planlegging og vedtak skal vere opne og sikre innsyn, føreseielegheit og høve til å medverke for alle interesser og styresmakter. I planlegginga skal det leggast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast. Kommunen har utarbeidd ein planstrategi for perioden 2012-2015. Planane er tilgjengelege på kommunen sine nettsider.

3.6.2 Eigedomsskatt

Kommunestyret bestemmer om kommunen skal innføre eigedomsskatt. Rammene for kommunen sitt handlingsrom, prosess og reglar om utrekning er regulert i eigedomsskattelova. I Vinje kommune er det eigedomsskatt på verk og bruk i heile kommunen.

3.6.3 Eigdomsforvaltning og vern av verdier

Eigdomsforvaltninga

Førande tilrådingar for god eigdomsforvaltning seier at kommunen bør ha oversikt over status for kommunale bygg og bustader for å kunne stette gjeldande krav til teknisk og funksjonell tilstand på eigedomane. Kommunen bør vidare ha overordna politisk forankra mål for bustad- og eigdomsforvaltninga. Vidare bør kommunen ha eit rasjonelt system for planlegging og styring. Til slutt bør ein ha ei rapportering som gir god kommunikasjon mellom bustad- og eigdomsforvaltninga og politikarane, og som kan tene som grunnlag for dei politiske avgjerdene.

Ein forvaltningsrevisjon i 2013 synte at Vinje mangla planverk for eigdomsforvaltning og at rutinar for kommunikasjon, samarbeid og ansvarsdeling internt bør vere skriftlege. I følgje rådmann har kommunen i januar 2016 enno ikkje utarbeidd ein vedlikehaldsplan, men arbeidet er starta.

Kunst

Kommunen kan eige kunst som har store verdier, både økonomisk, kulturelt og historisk. Kommunen bør derfor ha ei oppdatert oversikt over den kunsten som kommunen har ansvar for, og gode rutinar for å ta vare på og sikre desse verdiane. Det bør vere avklara og dokumentert kven i kommunen som har ansvar for administrasjon og forvaltning av kunsten, medrekna om kunstverk er tilstrekkeleg forsikra.

Ein kommunalt tilsett har hatt ansvar for å kartlegge og nummerere kunsten i kommunen. I følgje rådmann har dei ein del kunst, men alt skal vera sikra og forsikra. Rådmann trur ikkje kommunen har verdivurdert all kunst.

3.6.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Plan- og bygningslova krev at planlegginga i kommunar og fylke skal dekke samfunnstrykkleik. Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane å planlegge beredskapen ut frå ein heilskapleg analyse av risiko og sårbarheit.

I 2014 hadde fylkesmannen tilsyn med om Vinje kommune oppfyller krava til kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen konkluderte med at kommunen hadde eit særst godt grunnlag for det vidare arbeidet med beredskap, godt over det gjennomsnittlege i fylket. Kommunen fekk nokre avvik som dei skulle ha lukka til årsskiftet 2014/2015. I følgje rådmann skal kommunestyret vedta ny ROS-analyse i 2016.

Vinje kommune har ein plan- og beredskapskoordinator som skal gå gjennom alle dokument knytt til beredskap. I følgje rådmann er det eit mål å inkludere ROS-analysen i beredskapsrådet.

3.6.5 Miljøforvaltning

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med å nå dei nasjonale miljømåla. Miljødirektoratet si kommuneundersøking 2008-2010 viste at mange kommunar slit med å innfri pliktene sine på miljøområdet.

Det mynde og dei samfunnsoppgåvene som kommunane har på dette feltet spenner frå nedgravne oljetankar i bustadfelt via friluftsliv/fri ferdsel, viltforvaltning og motorferdsel i utmark til lokal luftkvalitet og klimaomsyn i lokal planlegging.

Vinje kommune er ein stor kommune i areal med mykje utmark som treng tilsyn og forvaltning. Administrasjonen er relativt liten, noko som aukar risikoen.

Det er grunn til å tru at motorferdsel i utmark er eit særskilt risikoområde i Vinje. Vi har likevel ikkje prioritert dette i denne planen.